



MØTEINNKALLING

Utval: Eldrerådet

Møtedato 29.05.2017

Møtetid: Kl. 13:00 - 15:00

Møtestad: Kommunehuset

Varamedlem skal ikke møta utan nærmere innkalling

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

Sektorleiar Grete Lill Hjartnes vil i starten av møtet orientera om følgjande:

- Arbeid rundt det med velferdsteknologi i kommunen, mellom anna digitale tryggleiksalarmer, komfyrvakter og elektroniske dør låser og brukarmedverknad i arbeidet.
- Hjelpemiddlar, rettar, TT-ordning og moglegheiter for heimebuande, og korleis det vert informert om dette.
- Informasjon om eventuell koordinerande bistand i høve til eldre einslege som ikkje har familie eller vener som kan hjelpa seg til lege, tannlege etc. Info om individuell plan.
- Status angående innkjøp av stolar til Storstova Samnangerheimen.
- Info om rutinar for plassering av personar som er på avlastning, og kven dei vert plassert saman med.

Leiar av eldrerådet

SAKLISTE**Saker til handsaming på møtet**

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/2017	17/612	Faste saker	
002/2017	16/436	Uttale frå eldrerådet på forslag til lokal forskrift om rett til opphold i sjukeheim eller tilsvarende bustad	
003/2017	16/436	Innspel til økonomiplanen	

Oversikt faste saker

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte
- Delegerte vedtak/referatsaker
- Utvalet sitt kvarter



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FE - 033
Arkivsaksnr: 17/612	Løpenr: 17/5549
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	29.05.2017	001/2017

Faste saker

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent

Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

Oversikt faste saker
<ul style="list-style-type: none"> • Godkjenning av innkalling og sakliste • Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte • Delegerte vedtak/referatsaker • Utvalet sitt kvarter



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ludvigsen, Rita	Arkivkode: FE - 033
Arkivsaksnr: 16/436	Løpenr: 17/5194
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	29.05.2017	002/2017

Uttale frå eldrerådet på forslag til lokal forskrift om rett til opphold i sjukeheim eller tilsvarende bustad

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert drøfta i møtet 29.05.17 og referat frå drøftinga går som uttale til høyringa.

Dokument som er vedlagt:

Forslag til lokal forskrift om rett til opphold i sjukeheim eller tilsvarende bustad for Samnanger kommune.

Kva saka gjeld:

Kommunen har utarbeidd forslag til lokal forskrift. Forskrifta skal sikra at pasientar eller brukarar får nødvendig og forsvarleg helse- og omsorgstenester jf. helse- og omsorgstenestelova §3-2a, i samsvar med reglane i pasient og brukarrettighets lova §2-1e.

Vurderingar og konsekvensar:

Forskrifta skal medverke til å klargjere kriteria for tildeling av langtidsopphold i sjukeheim eller tilsvarende bustad, samt skildre kva tilbod pasienten/brukaren skal ha medan han/ho ventar på plass.

Forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad i Samnanger kommune

Heimel:

Vedteken i Samnanger kommunestyre (15.06.2017) med heimel i lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunalehelse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven) § 3-2-a, andre ledd, jf. lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrettigheter (pasient- og brukerrettighetsloven) § 2-1 e.

§ 1. Formål

Formål med forskrifa er å sikra at pasienten eller brukaren får nødvendige og forsvarlege helse og omsorgstenester, jf. *helse- og omsorgstjenesteloven* § 3-2 a, i samsvar med *rettighetsbestemmelse i pasient- og brukerrettighetsloven* § 2-1 e.

Forskrifta skal tydeleggjera kva kriterier Samnanger kommune legg til grunn for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt lagt til rette for heildøgns tenester. Forskrifta skal vidare tydeleggjera korleis Samnanger kommune skal følgje opp personar som står på venteliste til langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt lagt til rette for heildøgns tenester.

§ 2. Virkeområde

Forskrifta gjeld alle som bur eller oppheld seg i Samnanger kommune, og som har eit varig, omfattande, døgnkontinuerlig pleie- og omsorgsbehov som ikkje kan oppfyllast tilstrekkeleg i eigen heim eller anna tilpassa bustad. Langtidsopphald vert gitt ved Samnangerheimen eller butilbod med tilsvarande tenester.

§ 3. Definisjonar

Langtidsopphald i sjukeheim: Opphald i sjukeheim på ubestemt tid.

Venteliste langtidsopphald sjukeheim: Kommunen sin oversikt over kven som har søkt og oppfyller kravet om langtidsopphald på sjukeheimen, men som med forsvarleg hjelp kan bu heime i påvente av langtidsopphald.

Tilsvarande bustad: Td omsorgsbustad med heildøgns tilsyn (døgnkontinuerlege tenester, kommunen har tildelingsrett)

Venteliste er ikkje eit køsystem, og plass på ventelista gjev ikkje fortrinnsrett til ledig plass på sjukeheim, jf. § 7.

§ 4. Grunnlag for vurdering og tildeling

Samnanger kommune bruker lågast effektive omsorgsnivå (LEON)/ beste effektive omsorgsnivå (BEON) som prinsipp ved tildeling av tenester og tiltak i omsorgstrappa. Omsorgstrappa har tenester på ulike nivå der aukande hjelpebehov møtes med aukande og meir omfattande tenestetilbod av ulik art.

Tenester på lågare nivå skal som hovedregel være prøvd før tildeling av langtidsplass i sjukeheim. Vurdering av behovet for helsehjelp skjer via kartleggingsverktøyet IPLOS. IPLOS er eit lovpålagt helseregister med data som beskriv bistandsbehov og ressursar til dei som søker eller motteke kommunale helse- og omsorgstenester.

Ved vurdering tek ein omsyn til søkjar og vurderer:

- A. Helsetilstand
- B. Mentale tilstand
- C. Kognitiv svikt
- D. Evne til eigenomsorg
- E. Bustad
- F. Nettverk og deira omsorgsevne

Pasienten og brukaren skal medvirke ved utformingen av tjenestetilbud, jf. pasient- og brukerrettighetsloven § 3-1

§ 5. Kriterier for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim

Hovudkriteriet er at langtidsopphold i sjukeheim vert tildelt personar med behov for døgnkontinuerlig oppfølging av medisinsk behandling, pleie og tilsyn som ikkje krev sjukehusinnlegging, men der hjelpebehovet ikkje kan planleggjast/tidfestast.

Tenester i heimen skal som hovedregel ha vore prøvd ut før søknad om langtidsopphold kan innvilgast. Tilpassing av bustad skal og vere vurdert, alternativt bytte av bustad.

Om pasient eller brukar får tildelt langtidsopphold byggjer på ei heilsapsvurdering basert på følgjande moment:

- a) kor omfattande behovet for helse- og omsorgstenester er,
- b) kor lenge hjelpebehovet er forventa å vare,
- c) kor vidt (kvardags)rehabiliteringstiltak er aktuelle,
- d) kva typar av helse- og omsorgstenester det er behov for,
- e) kva fagleg kompetanse som trengs for å gi forsvarlege tenester sett i samanheng med tilgangen på helse- og omsorgspersonell med nødvendig kompetanse,
- f) om det er nødvendig med tenester, tilsyn eller nærvær gjennom heile døgeret eller med korte mellomrom, og dette ikkje kan dekkast gjennom teknologiske løysingar i kombinasjon med heimetenester
- g) pasienten eller brukaren si evne til sjølv å tilkalla hjelp ved behov,
- h) pasienten eller brukaren sitt behov for opplevd tryggleik ved at det er nærleik til helse- og omsorgspersonale,
- i) om pasienten eller brukaren har kognitiv svikt, og kor alvorleg denne er,
- j) om pasienten eller brukaren utan endring av busituasjonen risikerer å koma til skade eller å få helsetilstanden eller funksjonsevna vesentleg forverra,
- k) om alternativ er aktuelle, til dømes helse- og omsorgstenester i heimen, dagtilbod, korttidsopphold i institusjon, tilrettelegging av heimen eller omgivnaden, hjelpemidlar og tekniske løysingar,
- l) pasienten eller brukaren sitt nettverk,

§ 6. Søknad og vedtak

Tildeling av langtidsopphold skjer på bakgrunn av helseopplysninga, søknad og vurdering av individuelle behov. Tildelinga skjer i inntaksnemnd/samarbeidsmøte. Møta er tverrfaglege og det vert fatta enkeltvedtak med grunngjeving. I Samnanger kommune er dei fleste pasientar kjent for oss gjennom heimetenesta eller at dei vert meldt frå sjukehus. Det betyr at det er sjeldan nokon søker om langtidsopphold utan at det er i ein dialog med pleie og omsorg.

Søknadsskjema finn ein på kommunen si heimeside eller ved å ta kontakt i resepsjonen på Samnangerheimen.

§ 7. Venteliste

Dersom søker fylle kriteria for langtidsopphold, men kan få forsvarlege helse- og omsorgstenester i heimen i vente på langtidsoppholdet, skal kommunen setja søker på venteliste dersom det ikkje er ledig plass. Ved ledig plass skal alle på ventelista vurderast av inntaksnemnda. Ved ledige plassar skal den med størst hjelpebehov ut frå kriteria i § 4 prioriterast. Inntaksnemnda har ansvar for å halda oversikt over personar som ventar, og å vurdere situasjonen jamleg.

§ 8. Tiltak i påvente av langtidsopphold i sjukeheim

Personar med vedtak og som ventar på langtidsopphold i sjukeheim skal få andre nødvendige tenester for å sikre nødvendig og forsvarleg helsehjelp i ventetida. Dette kan for eksempel være auka heimesjukepleie, praktisk bistand til reinhald/innkjøp mm, dagsenter, støttekontakt, korttidsopphold og/eller andre tenester i omsorgstrappa. Personar som motteke hovudomsorga frå sine pårørande, skal få tilbod om avlastande tiltak for særleg tyngjande omsorgsoppgåver.

Vert helsetilstanden endra medan ein venta må det gjerast nye vurderingar.

§ 9. Sakshandsaming

Kommunen (sakshandsamar/inntaksnemnda) skal førebu og avgjere saka utan ugrunna opphold. Samnanger kommune sakshandsamar fortløpende. Skulle det likevel ta lang tid skal pasienten/pårørande underrettast om dette.

Viss det tek meir enn ein månad å svare skal ein sende førebels svar.

§ 10. Eigenbetaling

Eigenbetalinga for helse- og omsorgstenester i sjukeheim følgjer reglane i forskrift 16. desember 2011 nr. 1349 om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester i institusjon.

§ 11. Klageadgang

Vedtak kan påklages til Fylkesmannen, *jf. pasient- og brukerrettighetsloven § 7-2. En klage skal være skriftlig, jf. pasient- og brukerrettighetsloven § 7-3.* Ei eventuell klage set ein fram for Samnanger kommune ved inntaksnemnda, som tar saka til vurdering i fyrste instans.

Viss vedtaket ikkje vert endra skal Samnanger kommune ved sakshandsamar senda klagen utan ugrunna opphold til Fylkesmannen for endeleg vurdering og avgjerd.

Klagefrist er 4 veker, og skal framgå av vedtaket *jf pasient- og brukerrettighetsloven § 7-5.* For nærmare opplysningar, eller ved behov for hjelp til å fremja ei eventuell klage kan sakshandsamar bistå.

§ 12. Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft frå 01.07.17



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ludvigsen, Rita	Arkivkode: FE - 033
Arkivsaksnr: 16/436	Løpenr: 17/5476
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	29.05.2017	003/2017

Innspel til økonomiplanen

Kommunen må leggja tilrette og endra satsane for vassavgifta til einslege eldre i bygda

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eldrerådet sitt ynskje om redusert vassavgift til einslege eldre i bygda vert teke med som innspel til økonomiplanen og budjettarbeidet for 2018.

Dokument som er vedlagt:

Notat - Kommunen må leggja tilrette og endra satsane for vassavgifta til einslige eldre i bygda

Kva saka gjeld:

Eldrerådet fremjar ynskje om at kommunen legg til rette for å endra satsane for vassavgift for einslege eldre innbyggjarar i kommunen

Vurderingar og konsekvensar:

For einslege eldre vil det opplevast som ein økonomisk lette, men det må sjåast opp mot kommunen sitt arbeid med økonomiplan og budsjettarbeid.



Informasjonsnotat/orientering

Frå:
Eldrerådet

Kommunen må leggja tilrette og endra satsane for vassavgifta til einslige eldre i bygda
Innspel til økonomiplan og budsjett

Saknr/Journalnr	Arkivkode	Dato:
16/436/17/5223//RILU	FE - 033	09.05.2017

Eldrerådet ytrar ønskje om at kommunen må leggja til rette og endra satsane for vassavgifta til einslege elder i bygda.

Dette vert fremja som eit innspel i samband med arbeid med økonomiplanen og budsjettarbeidet for 2018.